

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.06.2022

Vår ref.: 201907463-23 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av revisjonsdokument for regulering av Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommunar, Møre og Romsdal

NVE sender med dette revisjonsdokument for reguleringa av Åmelavassdraget på offentlig høring.

NVE har i brev av 25.05.2021 vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

- Kongelig resolusjon av 16. juni 1972 til erverv av bruksrett til og regulering av Åmelavassdraget m.v.

På bakgrunn av krav vidareformidla av Vanylven kommune og føringar frå NVE har Tussa Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentlig høring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside www.nve.no/konsesjonssaker. For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Terje Myklebust hos Tussa Energi AS, tlf 91516905 eller e-post: terje.myklebust@tussa.no.

Vi ber kommunane Vanylven, Volda og Stad om å kunngjere saka på sine heimesider og leggje to eksemplar av revisjonsdokumentet til offentlig gjennomsyn i resepsjonen, fram til **1. november 2022**. Det eine eksemplaret av revisjonsdokumentet kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 201907463 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO



Fristen for å sende fråsegner er 1. november 2022.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

NVE ønskjer tilbakemelding om man meiner at viktige parter er utelatne frå lista over mottakarar av dette brevet.

I samband med sakshandsaminga vil NVE arrangere ei synfaring. Vi kjem med meir informasjon om dette seinare.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Marthe Cecilie Pramli
seniorrådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Vik Grunneigarlag - Sigurd vik asklund
Grunneigarane på Brudevoll - Ole Martin Brudevoll
Nordal og Tverberg grunneigarlag - Bjørnar Osnes
Håkon Slutaas
Kystverket Midt-Norge
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
STATENS VEGVESEN
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Vanylven kommune
MILJØDIREKTORATET
Norske Lakseelver



NTNU-Vitenskapsmuseet
ELINETT AS - Tor Rolv Time
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Mattilsynet
Turistforeningene i Nordland
WWF Norge AS
Fiskeridirektoratet
Sunnmøre Friluftsråd
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Åheim Elveeigarlag
Elias Øvregård
Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
STAD KOMMUNE
VOLDA KOMMUNE
Dag Aamelfot
Bergens Sjøfartsmuseum

Kopimottakarliste:

Olje- og energidepartementet
TUSSA ENERGI AS
Riksantikvaren - Direktoratet for kulturminneforvaltning